

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF
DATO: 22.10. 2018
FRÅ: Administrerende direktør
SAKSHANDSAMAR: Linn Jonassen
SAKA GJELD: **Oversikt over aktuelle høyringar**

ARKIVSAK: 2015/1423
STYRESAK: 113/18

STYREMØTE: 01.11. 2018

Administrerende direktør si orientering pkt. 3

Dato for brev	Saka gjeld	Høyringsfrist	Status
21.06.2018	Høyring – «Kva bør skje med BHT? – Ein framtidsretta bedriftshelseteneste med fokus på kjerneoppgåver» <i>Rapporten, som blei lagt fram 25.mai i år, er laga av ei ekspertgruppe som har gjennomgått og vurdert bedriftshelsetenesta i Noreg. Ekspertgruppa har greia ut ulike modeller for ein framtidig bedriftshelseteneste.</i>	Høyringsfrist 25.10.2018	Høyringsbrev er sendt til HF-a
02.07.2018	Høyring – regional utviklingsplan 2035 for Helse Sør-Aust <i>Som oppfølging av Nasjonal helse- og sjukehusplan blei dei regionale helseføretaka gitt i oppdrag å sørge for at det blei laga utviklingsplanar for alle helseføretaka og at desse blei samanstilt i regionale planar. Helseføretaka ferdigstilte sine utviklingsplanar i mai 2018, og planane ligg på heimesidene til dei respektive helseføretaka. Helseregionane skal innan 2018 lage eigne regionale utviklingsplanar. Utkast til Regional utviklingsplan 2035 for Helse Sør-Aust blei lagt fram for styret i Helse Sør-Aust RHF den 14. juni 2018, kor det blei bestemt å sende planen på høyring.</i>	Høyringsfrist 15.10.2018	Høyrings svar blir ikkje sendt

03.07.2018	Høyring – forslag til forskrifter knytt til tilskotsordningar under Helse- og omsorgsdepartementet. <i>Helse- og omsorgsdepartementet kjem i dette høyringsnotatet med forslag om at tre tilskotsordningar bli fastsetti forskrift. Dei aktuelle føresegna for denne høyringa inneheld ordningar på postar under kapittel 714 Folkehelse og kapittel 765 Psykisk helse og rusarbeid. Følgande tre forslag til forskrifter er sendt på høyring:</i> 1. Forskrift om tilskot til frivillig rusmiddelførebyggjande innsats 2. Forskrift om tilskot til arbeidsrehabilitering etter modell av Individuell jobbstøtte og Jobbmestrande oppfølging. 3. Forskrift om tilskot til etter- og vidareutdanning innan psykisk helse	Høyringsfrist 22.10.2018	
07.07.2018	Høyring – regional utviklingsplan 2035 Helse Nord <i>I føretaksmøtet 10. januar 2017 blei dei regionale helseføretaka bedt om å utarbeide utviklingsplaner innan 31. desember 2018, slik at det føreligg samla regionale planer som grunnlag for neste nasjonale helse- og sjukehusplan.</i>	Høyringsfrist 15.10.2018	Høyrings svar blir ikkje sendt
22.08.2018	Høyring – endringar i smittevernlova <i>Notatet føreslår mellom anna ein ny føresegn for å presisere og lovfeste vilkåra som skal vurderast ved iverksetting av smittevern vilkår.</i>	Høyringsfrist 23.11.2018	
24.08.2018	Høyring – forslag til endringar i byggherreforskrifta <i>Føremålet med revideringa er å tydeleggjere forskrifta.</i>	Høyringsfrist 19.10.2018	
27.08.2018	Høyring – åtgang til å reservere anskaffingar av helse- og sosialtenester for ideelle organisasjonar <i>Endringa som blir lagt fram er å gi åtgang til å reservere konkurransar om kontraktar om helse- og sosialtenester for ideelle organisasjonar.</i>	Høyringsfrist 23.11.2018	
13.09.2018	Høyring – endringar i apoteklova, legemiddelova og folketrygdlova kapittel 25 <i>Forslag om innføring av gebyr som ein reaksjonsmoglegheit ved brot på enkelte handlingsnormer i dei tre lovane.</i>	Høyringsfrist 13.12.2018	
21.09.2018	Høyring – prioritering på klinisk nivå <i>Rapporten er utarbeidd på oppdrag frå Helse- og omsorgsdepartementet som eit ledd i oppfølginga av</i>	Høyringsfrist 26.10.2018	Høyringsbrev er sendt til HF-a

	<i>prioriteringsmeldinga.</i>		
01.10.2018	Høyring – legemiddelforskrifta kapittel 13 og CPC-forordninga	Høyringsfrist 04.01.2019	
01.10.2018	Høyring – endringar i drosjereguleringa – oppheving av behovsprøvinga mv. <i>Forslaga til endringar i reglene betyr ein stor revisjon av drosjereguleringa, og har til føremål å legge til rette for konkurranse som fungerer.</i>	Høyringsfrist 01.01.2019	
02.10.2018	Høyring – etablering av nasjonalt Eldre-, pasient- og brukarombod mv. <i>Regjeringa ønskjer å løfte pasient- og brukarrettighetsordninga, både når det gjeld innhald og omfang.</i>	Høyringsfrist 02.01.2019	
02.10.2018	Høyring – ein personsutgreiing om formuerettslege lovvalsreglar <i>Utgreiinga er avgitt av professor Giuditta Cordero-Moss 2. juni 2018.</i>	Høyringsfrist 18.01.2019	
04.10.2018	Høyring – innfasing av rehabilitering i godkjenningsordninga i fritt behandlingsval <i>Direktoratet har kome fram til at følgande tenester oppfyller krava for innfasing:</i> • Døgnrehabilitering for beinamputasjon, nyamputerte • Poliklinisk rehabilitering for pasientar med Parkinsons sjukdom • Døgnrehabilitering for pasientar med Parkinsons sjukdom	Høyringsfrist 22.10.2018	Høyringsbrev er sendt til HF-
04.10.2018	Høyring – lov- og forskriftsendringar som følgje av Storbritannia sin uttrede frå EU <i>Justis- og beredskapsdepartementet sender på høyring forslag til lov- og forskriftsendringar som følgje av Storbritannia sin uttrede frå Den europeiske union (EU).</i>	Høyringsfrist 30.11.2018	
09.10.2018	Høyring – forslag til endring av forskrift om betaling frå pasientar for poliklinisk helsehjelp i spesialisthelsetenesta	Høyringsfrist 30.11.2018	
12.10.2018	Høyring – lovfesting av plikt for kommunane til å tilby dagaktivitetstilbod til heimebuande personar med demens <i>Departementet føreslår atplikta blir teken inn i lov 24. juni 2011 nr. 30 om kommunale helse- og omsorgstenester m.m. (helse- og omsorgstenestelova) som nytt nummer 7 i lova § 3-2 første ledd.</i>	Høyringsfrist 14.01.2019	